

# Øy Nytt

## Kyrkjeblad for Øygarden



*Fra krybben til korset gikk veien for deg,  
Slik åpnet du porten til himlen for meg.  
Velsign oss, vær med oss, gi lys på vår vei,  
Så alle kan samles i himlen hos deg!*

“Pepperkakebyen” på biblioteket. Sjå meir på s. 12

I dette nummeret kan du m.a. lesa:




Prost Erling  
Kopperud  
side 4



Ordførar Olav  
Martin Vik  
side 7



Biskop Halvor  
Nordhaug  
side 16



Barne- og  
ungdomssider  
side 8 og 9



Orientering frå  
NAV Øygarden  
side 13

# Ein Åndeleg Leveregel



Før eller seinare kjem det vel i ei høgtid ein augneblink der vi føler kan puste på litt i strevet. Det er så mykje vi skal, så mykje vi må, tenkjer vi. Men vi må ikkje gløyme å vere stille. Det er god helse i det. Og så gjeld det å ta i mot Herren, høyre kva Han vil med oss, og ta konsekvensen av det.

Slik står det i den eine teksta på 1.s. i advent:

**Velsigna vere han som kjem i Herrens namn!**

**Hosianna i det høgste!(Matt.21,9)**

Tida rundt advent, jul og nyår kan kanskje vere eit godt høve til å tenkje over kor vi står i tilhøve til Jesus.

Eg tek vel ikkje heilt feil når eg seier at haldninga til ikkje så reint få av oss er at vi burde prioritere livet med Han meir enn vi ofte får til?

Det er ein god idé å ha ein plan, ein regel for det kristne livet. For nokre år siden trykte Bøne- og Arbeidsfellesskapen Kyrkjeleg Fornying opp ein liten faldar med namnet «Åndelig leveregel.» Her står det:

**1. Eg veit at livet mitt treng faste tider for kvile, stille og samling. Eg vil ordne livet mitt i eit slikt mønster.**

**2. Eg vil kvar dag takka og lova Gud, be Han om innsikt i Hans sanning og vilje med livet mitt, og gjennom bønna søkja reinleik og kraft.**

**3. Eg vil oppriktig stille heile livet mitt under Gud: Heimen min, arbeidet mitt, alt eg seier og gjer. For Kristi skuld vil eg tena alle som treng mi hjelp, og tre inn i den oppgåva Gud kallar meg til.**

**4. Eg vil dagleg be for mine næraste, kyrkjelyden min, kyrkja mi og heile Kristi kyrkje.**

**5. Eg vil leggje vekt på dagleg å lese Den Heilage Skrifta etter ein bestemt plan.**

**6. Eg vil ta del i kyrkjelyden sitt gudstenesteliv, kor og når det er mogleg, og særleg i nattverdfeiringa.**

**7. Eg vil med jamne mellomrom nytta meg av skriftemålet.**

## 8. Eg vil søkja råd hos mine trussysken og min åndelege vegleiar når det gjeld mitt åndelege liv.

Det er ikkje lenge sidan media skreiv at bare Estland har lågare gudstenestedeltaking enn Noreg i Europa. Den åndelege situasjonen i vårt kjære fedreland kallar alle som har tanke og omsut for at folket vårt skal verta nådd med evangeliet til å bera seg sjølv fram som eit offer for Gud, til å ikkje innrette seg etter denne verda, men la seg omskapa ved å få eit nytt sinn slik at vi kan døma om kva som er Guds vilje, det som er til glede for Gud.(Frå Rom. 12,1-12)

Den beste arbeidsmåten for åndeleg fornying er å ta til med oss sjølve. Jesus si prioritering i sitt liv var klår:

**”...på sabbaten gjekk han inn i synagogen, som han brukte å gjera.”(Luk.4,16b)**

(Frå den andre preiketeksta på den første adventssøndagen.)

Vi treng ikkje vera i tvil om Jesus si haldning til heilagdagen. Då gjekk Han ”i kyrkja”!

Vi treng heller ikkje vera i tvil om Jesus si haldning til Skrifta. For det står vidare: **”Han reiste seg for å lesa frå Skrifta, og dei gav han boka til profeten Jesaja. Han opna bokrullen...”** står det óg.

Tenk om denne høgtida fekk oss til å etablere eit fast gudsteneste-og Bibel-liv i etterfølgjing av Jesus, og forplikting overfor kyrkjelyden vår. For når Ordet der trufast vert forkynt ”frå bokrullen” ropar Han stadig ut

**”...eit nådeår frå Herren.”(Luk.4,19)**

Kjære vener!

I denne høgtida, i det nye året, så lenge vi får dagar:

**”Lat oss halda urokkeleg fast på vedkjenninga av vona, for han som gav lovnaden, er trufast. Og lat oss ha omtanke for kvarandre, så vi oppgløder kvarandre til kjærleik og gode gjeringar. Lat oss ikkje halda oss borte når forsamlinga vår kjem saman, som nokre har for vane, men lat oss setja mot i kvarandre, og det så mykje meir som de ser at dagen nærmar seg.”(Hebr. 10,23-25)**

sokneprest@kyrkja.net



## Den norske kyrkja i Øygarden

### ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Utgjevar: Hjelme og Blomvåg kyrkjelydar  
Redaktør: Odd N. Thormodsæter  
Kontingent: Min. kr 100,- innan kommunen  
Min. kr 150,- utanom kommunen  
Takkeannonsar: kr 100,-  
Kontonnr. 3628.07.02557  
Trykk: Grafisk Trykk, 5353 Straume  
Distribusjon i Øyg. Hurtiglevering, tlf 9866 5329

### Kyrkjekontoret:

Besøksadresse: Rong senter, 2. etasje  
Postadresse: Boks 144, 5331 Rong  
Telefon: 5638 2240  
Faks: 5638 2241  
Vakttelefon prest: 5638 2244  
E-post: kontor@kyrkja.net  
Heimesider: www.kyrkja.net  
Ekspedisjonstid: måndag – fredag: 0900 – 1500

### Tilsette:

Kontorleiar: Kari Sandøy Rong  
E-post: kontor@kyrkja.net

### Kyrkjelydspeagog:

Trine Overå Hansen  
E-post: kyrkjelydspeagog@kyrkja.net  
Telefon: 5638 2247

### Kantor:

Anne Lise Grøm  
E-post: kantor@kyrkja.net  
Tlf. 5638 2245/9188 1208

### Sokneprest:

Svenn Martinsen  
E-post: sokneprest@kyrkja.net  
Tlf. 5638 2244/9506 7890

### Diakonimedarbeidar:

Björg Blom  
E-post: diakon@kyrkja.net  
Tlf. 4781 6181

### Kyrkjevevjerje:

Odd N. Thormodsæter  
E-post: kyrkjevevjerje@kyrkja.net  
Tlf. 5638 2243/990 16 616

### Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Blomvåg:

Kåre Kristoffersen, 911 05 197  
Klokkar i Blomvåg: Ole Vik

### Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Hjelme:

Kjellaug og Raymond Vik 900 30 753/900 75 652

Blomvåg kyrkje: 5638 7022

Hjelme kyrkje: 5638 8030

### Råda:

#### Hjelme og Blomvåg sokneråd:

Leiar: Olaug Merete Rong

#### Øygarden kyrkjelege fellestråd:

Leiar: Atle Dävøy

### Beredskapsordning for Vesthordland prosti Tlf. 954 83 655

Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjonar.

Beredskapsordninga gjeld på kvardagar frå kl 1700 til kl 0800 neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret.

Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som før 5638 2244.



## Mitt hjerte alltid vanker (nr 45 i salmeboka)

Når eg skal velja "Min salme" og ambisiøst kalla den for min, gjer eg det ikkje berre med syn for salmen sin bodskap. Innhaldet er sjølv sagt viktigast og klårt gjennom orda.

Men for meg knyter det seg mange minne til denne salmen. Eg hadde ei bestemor i Rong i barndomen. Ho song salmen min så vakkert i mollstemt toneleie. Bestemor uttrykte ofte glede gjennom å syngja. Ho brukte ikkje så mange ord til kvardags. Men når ho arbeidde på kjøken og eg sat med frukosten tett ved, då song ho alltid.

Eg trur min salme var hennar favoritt også. Ho song alle versa og det rørde meg.

Hennar song i folketonetradisjon var så vakker og ekte og gav god stemning i eit lyttande barnesinn.

Mange har tolka denne salmen vakkert, men ingen så unikt som bestemor i Rong.

Kvar gong ein eller annan variasjon av salmen kjem meg for øyra, er mitt liv attende i Geila ei morgonstund for lenge, lenge sidan. Det er stort å ha opplevd ei slik bestemor. I hennar kjøken vart det sådd eit frø.

No står jula for døra. "Min salme" er også knytt til juletranga i bedehuset i Torsvik. Når ein fekk vera med og gå to og to i ring kring juletreet, då vart salmen min alltid sunnen. Då kjende ein at no var det ekte jul, ein fekk liksom vera tilstades i Jesu føderom og kunne syngja salmen for full hals.

Aldri har eg følt meg nærare stalle, aldri har kjensla av å vera der og sjå underet, vore sterkare.

GOD JUL og vel møtt i Jesu føderom også dette året.

*Helsing Else Austbø.*

*Eg utfordrar Torill H. Fjeldstad til å skriva neste gong.*

Mitt hjerte alltid vanker  
i Jesu føderom,  
der samles mine tanker  
som i sin hovedsum.  
Der er min lengsel hjemme,  
der har min tro sin skatt;  
jeg kan deg aldri glemme,  
velsignet julenatt!

Jeg gjerne palmegrene  
vil om din krybbe strø,  
for deg, for deg alene  
jeg leve vil og dø.  
Kom, la min sjel dog finne  
sin rette gledes stund,  
at du er født herinne  
i hjertets dype grunn!



## Gamalt bilete frå Øygarden



### Frå 17.maifeiring på Toftøy skule på 70-talet.

Frå venstre: Peder M. Torsvik (1892-1979), fiskebåtreiar, Andreas Toft (1884-1983) fiskehandlar i Bergen, Mons Magnesen (1890-1981) kjøpmann på Torsvik. Bileteigar: Mons Arle Toft.

*Frist for stoff til  
1/10: 12. januar*

# Julehilsen fra prost Erling Kopperud:

## Jesus - Guds Sønn og vår bror

Jeg ønsker på denne måten å bringe dere alle en hilsen i denne adventstiden hvor vi forbereder oss til å feire jul på nytt. Mine tanker går spesielt til dere som har opplevd/ opplever sorg og smerte av forskjellig slag. Opplevelsen av julen er ikke den samme for alle. I julen bærer vi også med oss våre levde liv med sorg og sykdom og andre smertefulle erfaringer. Våre konkrete livserfaringer hører alltid med og kan ikke isoleres fra julefeiringen.

Da jomfru Maria fødte sønnen Jesus, skjedde noe avgjørende for alle mennesker til alle tider, uansett hvordan vi opplever vår situasjon. I julebudskapet får vi høre noe helt utrolig: Guds egen Sønn, han som er Guds evige, skapende Ord – han har også blitt et menneske, slik som oss! Han ble ikke en mellomting mellom Gud og menneske, en slags halvgud. Nei, han ble helt og fullt menneske, slik som vi. Aller tydeligst ser vi dette i begynnelsen og slutten av livet hans: Der han ligger i krybben som et hjelpeløst barn, og der han henger på korset.

Evangeliene forteller at Jesus har en kropp; han har følelser som et menneske; han kan kjenne både kulde og sult, og han føler glede og sorg som et menneske. Vi leser at Jesus ble sliten etter en lang vandring (Joh 4,6). Ja, det står til og med at han gråt av sorg over sin venn Lasarus (Joh 11,35).

1. juledag lyder det i gudstjenestene: "Ordet ble menneske og tok bolig i blant oss" (Joh 1,14) Det betyr at du ikke kan finne et eneste punkt i livet ditt og si om det: «Dette kan ikke Gud vite» eller: «Han vet ikke hvordan det føles å være meg». Alt dette vet han av egen erfaring, fordi han har selv blitt slik som vi. Han vet alt, til og med før det blir til en bønn og kom-



Foto: ONT.

mer over leppene våre. Det betyr at du ikke trenger å strekke deg opp mot en uendelig høy himmel når du skal be. Han er ved din side. Han er blitt menneske som deg og meg. Jesus som er Guds Sønn og vår bror er blitt din og min følgesvenn gjennom livet.

Ordet ble menneske – det betyr at Jesus er mer enn en venn og bror! Fordi han samtidig er Guds Sønn, kan han gi oss den samme retten som han har, nemlig retten til å være Guds barn. Dette skriver Johannes også i teksten som skal leses første juledag: «Alle dem som tok imot ham, dem gav han rett til å bli Guds barn, de som tror på hans navn» (Joh 1,12).



*Jeg ønsker dere alle en velsignet julehøytid!*

# Nytt frå Sanden i Oussoubidiagna, Mali - nov 2009

## Kjære vener!

Me er no tilbake i Bamako for eit «påfyllsmøte» oss misjonærane saman, det er godt å få litt inn også.

Eg Jan har alt hatt ein tur innom Bamako. Eg skulle berre nedom Bafoulabe eit ærend, men vart overraska av eit enormt regnver. Det kom nær 40 mm kvar natt to netter på rad, og då våga eg ikkje venta på meir, så eg tok turen om Tambaga, Bamako og turen nordover til Oussou igjen. Ein tur på 1000 km, så eg var ganske trøtt ved heimkomst. Om eg hadde venta på god veg frå Bafoulabe til Oussou måtte eg kanskje vente ei veke.



*John Kåre ser kor mykje det har regna.*

Me har no ei stor velsigning i vente i arbeidet. Me har rykka fram til første plass for å få ny bil; dette året er det bestemt at Sanden skal få den nye bilen, ein Toyota landCruiser til over 400 000. Det er ikkje utan klump i halsen me tar i bruk eit slikt vidunder, men den gamle er snart 7 år og sjølv om eg har stelt og kost vel med den så er den snart ikkje heilt til å stola på om det skulle røyne på . Og på dei vegane me har, og avstandar til lekjar, så er det ingen veg utanom. Eg ber og håper at bilen vert til stor velsigning lenge etter me har avslutta tjenesta vår. Så om nokon lurar på om det trengs pengar til arbeidet så er svaret ja.

Eg vil slutta med ei gladmelding. Jaktgruppa vår har alt vorte til velsigning. Ein student og ein litt eldre arbeidar vart med oss dei to første turane. Studenten vart spurt som lesekundig om å finna ein tekst, og han bladde opp på Gal. 3 om ikkje å bygga frelsa på lova. Det vart til stor ettertanke forhan, så be gjerne om at han vender om. Den andre har høyrte ordet i ei årrekkje utan å visa interesse, men gjennom venneflokkjen ber eg om at han tek imot, han er svært nær.



*Skulejentene*

Takk for forbøn og omtanke.

Varme hilsner fra Elisabeth og Jan, Ester Kristine, Hild Elida og JohnKåre

-----  
Familien Sanden, MPN, BP 2402, Bamako, Rep du MALI

Tlf: 223-75 23 55 52 (privat mobil)

E-post: [jesanden@combitel.no](mailto:jesanden@combitel.no)

### **For gaver til arbeidet:**

Normisjon, Postboks 7153, St. Olavs plass, 0130 OSLO,

kontonummer 1503.02.13537, merk giroen med fam Sandens arbeid eller prosjektnr. 115.70.454

# Opninga av Rong senter 29. oktober 2009.

Det var stor tilstrøyming av publikum denne dagen og fleire aktørar var på banen, m.a. Rune Larsen m/band, blåsegruppe frå Rong Brass og ikkje minst ordføraren som fekk utføra snorklippinga. Butikkane bugna av tilbod og mange gjorde ein god handel.

Kyrkjekontoret som held til i 2. etasje, hadde eigen stand der vi fekk profilert kva vi driv med og m.a. visa at vi også har eigen minibokhandel som publikum gjerne må nytta.



Alle foto : ONT.



## Kjære innbyggjar i Øygarden og lesar av ØyNytt

Når eg skriv denne helsinga har dei første teikna på at det nærmar seg jul gjort seg gjeldande. Butikkane bognar over av varer som høyrer jula til. Nokre stadar står alt nyhogde juletre klare for sal. Mykje av dette er tradisjon, og tradisjonar skal me ta vare på. For mange av oss er det trygt å ha faste haldepunkt i livet. Me ser at stadig fleire lir av psykiske plager. For mange skuldast dette for høge krav og forventningar i livet. Samfunnet rundt oss krev meir og meir av den enkelte. Det er nesten eit krav at me heile tida skal tilpassa oss til krav og forventningar andre set opp for oss. Det er difor viktig å ta vare på dei faste haldepunkta. Jula er eit slikt haldepunkt som me må ta vare på. Eg er klar over at for mange kan jula vera vanskeleg og ei tid med sårt sagn, men jula har òg ein bodskap til menneske som opplever livet som vanskeleg.

Når eg får ordet i ØyNytt så eg skriv eg og litt om nokre kommunale aktivitetar. I 2009 vart Rong kommunens administrasjonssenter. Me fekk ein ny innbydande senterbygning med nye butikkar, bustadar og kommunale tenester. Det nye rådhuset (tidlegare Helse- og Tenestesenteret) er teke i bruk men er ikkje heilt ferdig innreia, og den tillyste markeringa i år har me utsett til utpå nyåret. Me ferdigstiller nye Alvheim vassverk til rundt

34 millionar kroner. No vert det reint vatn i springane hos folk i den nordre del av kommunen.

Eg vil og nytta høvet til å senda ei helsing til alle våre tilsette som dag etter dag står på for at innbyggjarane skal få levert gode tenester.

Som ei avslutning helsar eg dykk med gledesbodet som englane bar ut over Betlehemsmarkene: "Ein frelsar er oss født", og ynskjer kvar enkelt ei fredeleg og god jul, takkar for året som snart er omme og ynskjer alle eit godt nytt år.



Foto: John Kenneth Aase

Vennleg helsing

**Olav Martin Vik**  
Ordførar



## "Å jul med din glede" har fem, ikke bare tre vers

Av Torbjørn Greipsland, KPK.

I fjor ble det debatt om Alf Prøysens museisee var sensurert, og ett vers borte av den grunn. Men noen sensur var det ikke, selv om ett av utkastene til tekst ikke ble brukt.

Sensur er det knapt i et annet tilfelle heller, der to vers ikke er med i de fleste, om ikke i alle sangbøkene. Det gjelder den populære sangen "Å jul med din glede".

I 1995 skrev Kristelig Pressekontor at det på misjonsmuseet i Lyngdal er arkivert en tekst til denne sangen der det er ikke bare tre, men fem vers.

At teksten finnes på misjonsmuseet i Lyngdal, har sin grunn i at hun som uten tvil er forfatter av sangen, Gustava Kielland, i flere år var prestekone der.

En kan undre seg over hvorfor de to siste versene er utelatt, ikke minst siden fjerde verset handler om å samles i himmelens sal.

Bokmålsteksten er slik i én av versjonene:

*1. Å jul med din glede og barnlige lyst, vi ønsker deg alle velkommen; vi hilser deg alle med jublende røst, ti tusene ganger velkommen!*

*Ref.:  
Vi klapper i hendene, vi synger og vi ler, så glad er vi, så glad er vi,  
Vi svinger oss i kretsen og neier, og bukker.*

*2. I Østerlands vise, I tre vise menn, vi vet jo hvorhen I vil drage; for vi vil jo også så gjerne derhen, og eder på reisen ledsage.*

*Ref.*

*3. Så rekker jeg deg nå med glede min hånd, kom skynd deg og gi meg den annen, så knytter vi kjærlighets hellige bånd, og lover å elske hinannen.*

*Ref.*

*4. Og en gang vi samles i Himlenes sal, og synger om jul med sin glede.*

*Vi takker og jubler i tusene tall, i himlen for tronen vi trede.*

*5. Om ute det stormer og regner og sner, det kan oss jo slett ikke skade. For julen og freden oss alle er nær, og vi ere fromme og glade.*



Gustava Kielland skrev sangen "Å jul med din glede". KPK-illustrasjon: Skilling-Magazinet.

## 6.-7. kl leir

16. -18. oktober var vi samlet en god gjeng til leir på Skjergardsheimen. Mye kjekt stod på programmet! Fredagen ble brukt til å bli bedre kjent med hverandre og med Jesus. Lørdag var det tidlig opp til frokost og bibeltimer. Etter bibeltimene ble det laget noen utrolig stilige tegneserier av den lamme mannen – dere imponerte virkelig! Tenk at Jesus kunne gjøre mannen frisk og best av alt, han tilgav mannen alt det gale som han hadde gjort. Det var også tid til sporløp, fotball, quiz og kiosk før kvelden kom, og vi hadde mørokveld og kveldsmøte. Søndagen kom så alt for fort og plutselig var leiren over. Det var en utrolig kjekk leir og vi håper dere koste dere like mye som oss! Vi sees vel på leir igjen??

*Herborg Kari Bondevik Evensen*



## Glimt frå den kulturelle skulesekken

Også i år har den kulturelle skulesekken gått av stabelen for alle 2.klassingar og 6.klassingar frå skulane i Øygarden. Dette er eit samarbeid mellom kyrkja og kulturkontoret i kommunen, der elevane får lære om kyrkja, om symbolikk, arkitektur, kyrkjekunst, måleteknikkar og korleis lage fargar. Alle 6.-klassane lagar også glasmaleri som vert utstilt på biblioteket på Rong no før jul. Så ta ein tur innom biblioteket og sjå dei flotte resultatata!

*Tekst og foto: Trine Overå Hansen*



Endring på **Barnekantoret** sitt øvingstidpunkt:

Alvheim skule torsdag kl.14,25- 15,20. Koret er frå 3. trinn og oppover. Det er framleis plass til fleire barn!

Ring Anne Lise Grøm 918 81 208



## Konfeleir!!

20.-22. nov. var det konfeleir i Sætervika som ligg i Tysse i Samnanger. Det var ein god gjeng på 44 konfirmantar som reiste. Leiarane var spente på korleis det skulle gå med så mange ungdommar på tur, men vart snart beroliga når dei såg for ein kjekk gjeng dette var.

*Tekst og foto: Trine Overå Hansen*

Første natta vart det riktignok ganske lite søvn på nattevaktene som hadde eit arbeid med å skape ro i leiren. Men etter ein hektisk og aktiv lørdag med leik ute, undervisning, isbading, mange gode måltid, masse underholdning på kvelden, "Singing bee" utover natta, vart det ganske fort stilt når dei først gjekk på romma natt til søndag. Både konfirmantar og leiarar hadde ei opplevelsrik og kjekk helg, og her får det sjå litt av det vi opplevde denne helga.



**Kjøp  
kjapt,  
trygt  
og billig**

**KIWI mini  
pris**

Søre Sæle

**Tlf. 56 38 71 20**

Mand – fred kl.08.00 - 22:00

Lørdagar 08:00 – 20:00

**Det er vi  
som bygger Øygarden**



Tlf. 56 38 28 00 - Fax 56 38 28 09

Adr. Pålset, 5337 Rong

[www.th-bygg.no](http://www.th-bygg.no)

## Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca. 100 personer.  
Arrangerer bryllaup,  
konfirmasjonar og andre  
tilstellingar.

Kan levera mat til alle  
anledningar.  
Middag, koldtbord og snittar.

Tlf. 56 38 93 80

## Indrøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer

Rullestol

**Mobil: 90 59 90 59**



**Åsane Begravelsesbyrå AS**

v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES

Døgnvakt tlf.: 5518 9000

## Rossnes Taxi

*Magne Ingvald Rossnes*

Tinging av turar på

tlf.: 56 38 91 91 / 951 12 634

## Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

E-post: [post@solstrands.no](mailto:post@solstrands.no)

*Vår erfaring - din trygghet*

## Gravminner

Leveres ferdig montert med garanti.

Be om katalog og pris.

Skrifthugging og oppussing utføres.



**Bjørn Solheimslid**

5336 TJELDSTØ

Tlf. 5638 9534 / 4004 1045

**Øygarden**  
elektriske as

Tlf.: 56 38 24 40 - Fax: 56 38 24 41

Mobil: 928 41 790

E-mail: [post@oygarden-elektriske.no](mailto:post@oygarden-elektriske.no)

**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYRÅ

- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

**TLF 56 32 08 90** hele døgnet

Skjernet 4, 5353 Straume ( samme hus som Ligningskontoret )





## Minibokhandelen

Vi har fått inn mange nye bøker, CD-ar, DVD-ar og anna "knask" både for barn og vaksne.

Her finn du julegåver både til liten og stor. Velkommen innom kyrkjekontoret!

Opningstid:

Kvardagar mellom kl 0900 og 1500

## Eldretreff Våren 2010

**Blomvåg:**  
Kantina på  
Tednebyggane  
kl. 16:00

**Hjelme:**  
Kyrkjelydssalen  
kl 1645

21. januar  
18. februar  
18. mars  
22. april  
20. mai  
Tur i juni

20. januar  
17. februar  
17. mars  
21. april  
19. mai  
Tur i juni



**Det nyttar å snakke  
når ein kvar vil lytte**

**Vil du vere frivillig på Kirkens SOS?**

Vi treng menneske som vil prate med medmenneske som har det vanskeleg.

Oppgåva di er å lytte og tenke høgt saman med den som tek kontakt. Du skal ikkje gje råd eller løyse den andre sine problem.

Du får innføringskurs, rettleiing og vidare fagleg oppfølging så lenge du er med i tenesta. Vanleg vaktturnus er ca. kvar 12. dag, tilpassa din kvardag. Kirkens SOS er ein døgnopen krisetelefon, tilgjengeleg via telefon og internett.

Du må vere mellom 20 og 80 år, og du må ha avstand til eigne kriser.

Kursstart er helga 26. - 28. februar 2010. Interessert? Kontakt oss på 55 32 58 45/941 83 654, bjorgvin@kirkens-sos.no eller [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

Velkommen til eit lærerikt og gjevande fellesskap!

## Vest Modul AS

5336 Tjeldstø



- Tilbygg Normann 958 19 905
- Nybygg Ingvard 958 10 967
- Rehabilitering
- Montering og utleige av brakker Trelastlager Tjeldstø

## KAFFEKROKEN



# Øygarden sin peparkakeby på biblioteket

Tysdag 1. desember vart Øygarden sin peparkakeby høgtideleg opna av ordføraren.

Forventningsfulle barn sto i kø rundt borda for å sjå på alle kunstverka som var komme inn frå barnehagar og skular i heile kommunen.

*Tekst og foto: Odd N. Thormodsæter*

Dette var det 6. året at denne utstillinga er komen i stand på biblioteket.

Kunstverka omfatta både reine julemotiv, menneske i arbeid og dyremotiv. Kreativiteten har vore stor i utforminga. I tillegg var resultatet av arbeidet med "Den kulturelle skulesekken" utstilt. Den består av glasmaleri laga av elevar på 6. klasstrinn på besøk i Blomvåg kyrkje. (Sjå elles reportasje på side 8)

Utstillinga vil vera open for alle framover mot jul.




## Kryssordoppgave:

### VANNRETT

1. Svar
3. Daniel Fjøren
5. Flokkdyr
7. Finsk guttenavn
8. Pusser
9. Spørre
10. By i Hellas
12. Moderne
13. Utvekst
16. Norsk forfatter
17. Guttenavn

### LODDRETT

1. Får vi julaften
2. Ventetid
4. Bruke fritiden
5. Uvel
6. Fører en båt
9. Kjoretøy
11. Askeladdens bror
14. Bindeord
15. Tall



## INNBYDING TIL NYTTÅRSFEIRING

Dersom du er einsleg og må feira nyttårskvelden åleine, då er Pinsemenigheten Sion på Tjeldstø rette staden for deg denne kvelden.



Menigheten vil arrangera nyttårsfest, og du er hjarteleg velkomen. Me startar kl. 18.00 med middag og avsluttar ved midnattstider. Treng du skyss til festen, ordnar vi også dette. Då kan du ringa:

Tlf. nr. 93405974 Ingmar Pahr  
Tlf. nr. 91702619/56389044 Laila Dale Alvheim

For påmelding, ring : Tlf. 91702619/56389044  
**innan 17. desember**

Pris for heile festen: Kr. 100,- pr. person.

Hjarteleg velkomen! Med venleg helsing

For Pinsemenigheten Sion, Øygarden  
Karstein Pahr - forstandar

## Endring i ordningar for dekking av reiseutgifter

Frå 19. november er det kome endringar i ordninga for dekking av reiseutgifter til lege, sjukehus og anna godkjent behandling. **Dette fører til at NAV ikkje lenger kan ta imot krav om dekking av reiseutgifter.**

*Tekst og foto: Odd N. Thormodsæter*

Leiar i NAV Øygarden, Vidar Sangolt, kan opplysa at helseføretaka no har overteke heile ansvaret for pasientreiser. Du skal ikkje lenger oppsøkje NAV for å få refundert reiseutgifter. No sender du sjølv inn reiserekningsskjema.

Reiserekningsskjema finn du hos behandlaren din, eller på [www.pasientreiser.no](http://www.pasientreiser.no) For hjelp til utfylling av reiserekningsskjema, ring Pasientreiser 05515.



*Leiar for NAV Øygarden  
Vidar Sangolt*

Kvittering for eigendelar for reiser vil ein få tilsendt direkte frå helseføretaket (Helse Vest). Denne kvitteringa må du ta vare på til du oppnår frikort. NAV kan heller ikkje føra desse inn i eigendelskortet ditt.

Sangolt presiserer at desse nye reglane er fastsett av departementet.

## Nytt frå råda

I møte 24. november vart **Atle Dåvøy** valt til leiar og **Erling Vik** til nestleiar i **Fellesrådet**.



Fellesrådet er takksam for at kommunestyret no har sett i gong prosessen med utviding av gravplassen i Hjelme. Vedtaket frå kommunestyremøte 23.09.09 lyder slik:

1. Øygarden kommunestyre vedtek i medhald av § 27-2 i plan- og bygningslova og godkjenna reguleringsplan m/tilhøyrande reguleringsføresegner dagsett 10.06.09 for Fylkesveg 229 på strekninga frå Nautnes v/ Stølen Ungdomslokale til Hellesøy hamn.
2. Øygarden kommunestyre vedtek at arbeidet med detaljplan for utviding av ny gravplass ved Hjelme kyrkje vert sett i gang snarast, jfr. Reguleringsføresegnene §3.2 der det heiter: "Før utviding av gravplassen skal det foreligge godkjente detaljplaner." Rådmannen får fullmakt til å setja i gang dette arbeidet og finna budsjettdekning for planleggingskostnadene.

## Ei god og signerik julehøgtid

frå sokneprest, stab og sokneråd til alle lesarar av ØyNytt. Vi er til stades for å tena innbyggjarane i Øygarden. Bruk oss!

Samstundes vil vi senda ei stor takk til alle frivillige medarbeidarar i søndagsskule, barne- og ungdomsarbeid og eldrearbeid for god og trufast teneste dette året.



## PERMANENT MAKEUP Nyåpningstilbud

TILBUD

÷ 30%

- |                 |               |             |
|-----------------|---------------|-------------|
| • Øyebryn       | <b>2695,-</b> | ord. 3850,- |
| • Eyeliner      | <b>2485,-</b> | ord. 3550,- |
| • Eyeliner oppe | <b>1785,-</b> | ord. 2550,- |
| • Eyeliner nede | <b>1085,-</b> | ord. 1550,- |
| • Lipliner      | <b>2765,-</b> | ord. 3950,- |

Rong Senter, Rong / Tlf. 56 38 95 15

# SparebankenVest

- satser på Vestlandet

- Ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

**EUROSPAR**

Fisk - og ferskvarespesialisten	Fristende frukt og grønt
Innholdsrik berjent ostedisk	Nydelige nystekte bakervarer
Velsmakende varm mat	Herlig salat - og fruktbar

Ope mandag - fredag kl. 8 - 21, laurdag kl. 9 - 20

Bank i Butikk **EUROSPAR Rong** tlf. 56 38 71 40

**Velkommen til oss**

**Catering:**

- Varm Mat
- Baguetter
- Koltallerken
- Kaker

**Rong Kafe a/s**  
Tlf.: 56 38 74 54

**Ønsker du sol hjem?**

Vi kan tilby 12 rørs solhimler eller solseng med høy kvalitet. Du ringer - vi bringer!

Vi forhandler også solariumskrem og -briller

**B-P-S Solutleige**  
v/Arvid Rong 5337 Rong  
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22

Mobil: 918 56 258

Vi formidler blomster til innland og utland

**Blomsterbua**

Rong Senter  
Telefon: 56 38 92 65  
Postboks 107, 5331 Rong

**trend Frisør** RONG SENTER

Eigne prisar for pensjonistar  
Langope torsdag  
TIMEBESTILLING 56 38 73 90



5334 HELLESØY  
TLF: 56388008/47755570  
ORG.NR.984589565  
e-post:hellesoy@ngbutikk.net

ÅPNINGSTIDER :  
MAND.-TORSD. 900-1800  
FRED. 900-1900  
LØRD. 900-1600

VI HAR SØNDAGSÅPENT I SOMMERHALVÅRET.

**TORSVIK ELEKTRISKE AS**

Installasjon industri, bolig  
Data- og telenett  
Alarmanlegg  
Antenne/parabolanlegg  
Elektroverksted  
Elektrisk forretning

**Tlf. 56 38 50 00**  
Vakttelefon: 922 34 062

www.torsteinsvik.no

Mand-fred 10-18  
Lørd 10-16  
Tlf.: 56 38 86 00  
Fax 56 38 85 99

**KLEOPATRA**  
Gave & Interiør

RONG SENTER  
Julelotteri til våre kunder 1.-19-des. Fem heldige vinnarar.



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiavtale
- Gass



**BLOM SERVICESENTER AS**

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80  
**Godkjent bilverksted**

Bokhandelen som setter kristen litteratur og musikk i fokus



Minibokhandel på kyrkjekontoret

Bok & Media\* Vestbok  
Vetrlidsallmenningen 1 5014 Bergen  
Tlf: 55 31 79 63  
www.vestbok.no

## KYRKJELEGE HANDLINGAR

### DØYPTE

#### Blomvåg

Emma Louise Fenne, Rong  
(Vangskyrkja, Voss)  
Tuva Dale Oen, Laksevåg  
Stian Kålås Dale, Myrane  
Kasper Paulsen Toft, Hønefoss  
Oliver Hansen Toft, Toft

#### Hjelme

Håkon Melås Hellesøy, Påluneset  
Elias Melås Hellesøy, Påluneset  
Viljar Solbakk, Rossnes

### DØDE

#### Blomvåg

Magda Jenny Breivik, Bønes f. 1932  
Serena Maria Blom, Ramnes f. 1944  
Magnar Ragnar Oen,  
Ternholmbakkane f. 1938  
Ingvald J. Oen, Oen f. 1925

### TIL LUKKE



#### 70 år:

11.jan Ruth Margun Dale, Blom  
14.jan Robert Otto Sæle, Nordre Sæle

#### 75 år:

23. des Kirsten Aslaug Haugland, Bakken  
06.jan Villy Dävøy, Sandråsvegen 7  
07.jan Bernt Bertinsen Knarvik, Knarvik  
14.jan Anna Maria Torsvik, Søre Sæle  
15. jan Aslaug Betsy Magnhild Skaar, Arsettunet 34

#### 80 år:

17.des Henriette Bergitta Odland, Hellesund  
24.des Martin Hellesund, Hellesund  
08.jan Herborg Sæle, Søre Sæle  
12.jan Lars Mikal Fjeldstad, Nystovevegen  
30.jan Johanna Dale, Dale

#### 85 år:

23.des Jensine Toftvåg, Toft  
9.jan Reidar Arthur Sæle, Søre Sæle

#### 90 år:

10.jan Bernt Johan Nielsen, Blomvågnes

#### 95 år:

31.des Martin Rong, Rong  
05.jan Lilly Troland, Hatten

## GUDSTENESTER

- 06.des **Hjelme kyrkje kl.11:00**  
Familiemesse v/ Svenn  
Martinsen. Song av  
Øygardskoret. Dåp. Nattverd.
- 13.des **Blomvåg kyrkje kl. 11:00**  
Høgmesse v/ Svenn Martinsen.  
Nattverd.
20. des **Blomvåg kyrkje kl. 16:00:**  
**Vi syng jula inn.** Desse vert  
med: Jubelkoret, barnekoret  
Lyskastaren, Øygarden gospel  
og Toftøy skulemusikk
20. des **Hjelme kyrkje kl. 18:00:**  
**Vi syng jula inn.**  
Desse vert med: Øygarden  
barnekantori, Øygardskoret,  
Gruppe frå Rong brass og  
Kristin Solsvik
24. des **Tednebyggane omsorgsenter.**  
Julaftangudsteneste kl 11.00  
v/ Svenn Martinsen
24. des **Blomvåg kyrkje kl. 14:30**  
Julaftangudsteneste  
v/ Svenn Martinsen. Rong  
skulemusikk vert med
24. des **Blomvåg kyrkje kl. 16:00**  
Julaftangudsteneste  
v/ Svenn Martinsen.  
Øygarden gospel vert med  
og syng
24. des **Hjelme kyrkje kl. 16:00**  
Julaftangudsteneste  
v/ Ingvald André Kårbø  
Solister
- 25.des **Blomvåg kyrkje kl. 12:00**  
Høgmesse v/ Svenn Martinsen  
Nattverd. Dåp
- 26.des Ikkje gudsteneste i Øygarden.  
Viser til Turøy bedehus  
kl. 11:00 Gudsteneste
- 01.jan **Blomvåg kyrkje kl. 12:00**  
Høgmesse v/ Svenn Martinsen.  
Nattverd.
- 03.jan Ikkje gudsteneste i Øygarden.  
Viser til Sund kyrkje kl.11:00
- 10.jan **Blomvåg kyrkje kl. 11:00**  
Familiemesse v/ Svenn  
Martinsen. Dåp. Nattverd
- 17.jan **Hjelme kyrkje kl. 11:00**  
Familiemesse v/ Egil  
Hjortland.
- 24.jan **Blomvåg kyrkje kl. 11:00**  
Høgmesse v/ Svenn Martinsen
- 31.jan **Hjelme kyrkje kl. 11:00**  
Høgmesse v/ Svenn Martinsen.  
Nattverd
- 07.feb **Blomvåg kyrkje kl. 11:00**  
Familiemesse. Dåp. Nattverd.

## Bergen & Omegn

BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger  
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge  
Polden

Espen  
Polden

Elin Mikkelsen  
Bernitsen

Heine  
Polden

Tom  
Wilson

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
www.bergenogomegn.no

#### AVD. BERGEN

Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

#### AVD. SOTRA

2.etg på Shellstasjonen  
5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



## JULEFESTAR PÅ BEDEHUSA

- Hellesøy bedehus tirsdag 29. desember kl. 18:00  
Tjeldstø bedehus tirsdag 29. desember kl. 18:00  
Blomvåg vestre bedehus lørdag 2. januar kl. 18:00. Tale v/ Henry Skogvol  
Vik bedehus søndag 27. desember kl. 16:00. Familiefest  
Vik bedehus mandag 28. desember kl. 19:30  
Julefest for voksne

Returadresse:  
ØYNYTT  
Boks 144  
5331 RONG



## Eit juleeventyr

Det var ein gong ein fattig bonde som budde saman med kona si i ei enkel hytte med eit jordgolv som var dekt med strå. Ein dag gjekk dei tom for mat. Då sa kona til mannen: Gå ned til elva for å fiske! Mannen så gjorde, og fiska heile dagen utan å få noko. ”Me må nok gå svoltne til sengs i kveld,” tenkte han i det han kasta ut snøret for siste gong.

Brått hogg det til. Ein diger fisk hang på kroken, og etter lang kamp klarde mannen å få den på land. I det han skulle til å køyra kniven i den, sa fisken: ”Ikkje drep meg! Viss du kastar meg ut igjen, skal du få oppfylt tre ønske, uansett kva det måtte vera.” Den syntest mannen høyrdes ut som ein god avtale, så han kasta fisken ut igjen og gjekk heim.

Men kona hans var ikkje like nøgd då ho fekk høyre historia.” For noko sludder”, sa ho.” Dette er berre noko du finn på for å unnskylda at du ikkje fekk nokon ting.” ”Nei, det er sant,” sa mannen og ropte ut: ”Eg ønskjer meg ein middag!” Og straks var bordet dekkja med dei lekraste rettar.

” Idiot” sa kona.” Du må ikkje kasta bort ønska dine på småting. Ein middag er ikkje nok. Du må ønska deg noko større og finare som varer lenger.” Ja vel”, sa mannen: ”Då ønskjer eg meg eit nytt hus”! Og med eitt var den enkle tømmerhytta med jordgolvet forvandla til eit herskapshus med mange rom.

” Nei, nei, kor dum går det an å verta”, ropte kona fortvila.” No har du alt brukt opp to ønske. Men me kan få noko endå betre enn dette huset. La oss ønskje oss eit slott som ein konge kunne bu i.- Nei vent: Eg vil ha eit slott som kunne passa for Gud sjølv!”

Mannen gjorde som kona ville, og sa: ”Eg vil ha eit slott som passar for Gud!” Og brått stod dei ikkje lenger i det nye huset sitt. Dei var attende i den gamle trehytta med eit jordgolv som var dekt av strå.

Dette eventyret er ei julepreike. Mannen og kona fekk det som dei ville. Dei ønskte seg ein bustad som passa for Gud sjølv. Men dei hadde gløymt juleevangeliet. Då Gud kom til verda, hende det ikkje i eit slott men på ein heilt annan stad. Me les frå juleevangeliet hjå Lukas i det 2. kapitlet: ”Og ho fekk son sin, den førstefødde; ho sveipte han og la han i ei krubbe, for dei fann ikkje husrom nokon stad.”



Det er nærliggjande å tenkja at Gud, dersom han finst, må vera større og mektigare enn alt og alle. Passar han då ikkje best i eit slott? Men Guds Son sin første bustad var i ein stall, nedst i verda. For det var ikkje rom nokon annan stad.

Gud går ikkje inn i verda på toppen, men heilt nedst. Slik vert det tydeleg at han vil femna alle. For å vinna oss for kjærleiken sin, vert han eit svakt og hjelpelaust barn, i ei krubbe i ein stall med eit jordgolv, dekte av strå. Gud søkjer seg alltid nedover. Du treng ikkje ønskje deg ein annan stad for å møta han. Han er der du er. Denne jula søkjer han deg. Ta imot han!

*Halvor Nordhaug  
Biskop i Bjørgvin*